



MØTEBOK

Styremøte i Ullenvang Fjellstyre

Tidspunkt: Tysdag 14.02.2017 klokka 1745

Stad: Heradshuset, kantina

Desse møtte: Steinar Langesæter, Ragnar Ystanes, Guro Grønsnes Opedal (vara for Hildegunn Espe), Jørund Kvestad, Synnøva Sæbø.

Saker til styremøtet

Sak 01/17: Referat og meldingar

Sak 02/17: Forsikringar, bytte av leverandør

Sak 03/17: Orientering om saker frå NFS

Sak 04/17: Orientering om CWD (Skrantesjuke)

Sak 05/17: Salgsmåte for villreinkort

Sak 06/17: Datalagring, løysing for framtida

Sak 07/17: Orientering om ny sekretær, overgangsløysing mm

Sak 08/17: Godtgjering til styret

Sak 09/17: Byggesaker, val av anbod

Sak 10/17: Endring Brønnøysund

Sak 11/17: Eventuelt

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Steinar Langesæter/s/

Ragnar Ystanes/s/

Guro Grønsnes Opedal/s/

Jørund Kvestad/s/

Synnøva Sæbø/s/



Sak 01/17: Referat og meldingar

2016.03.02.10.Fjellstyrenaust ved Krokavatn - fjelloven § 35(860145)
 2016.03.02.10.Kart og flybilde naust ved Krokavatn(860140)
 2016.03.02.10.Ullenvang statsallmenning - forslag på utskiftingsforretning på fjellstyrenaust ved Øvste Krokavatn - 1231(
 2016.11.10.10.Sparebankstiftinga-anm om utbetaling av tilskot
 2016.11.10.10.Sparebankstiftinga-anm om utbetaling av tilskot vedlegg rekneskap
 2016.11.25.1.Hordaland Fylkeskommune-Utsetting av befaring slepa Hansbu
 2017.01.01.9.Ulvik FS-Stongfiskeoppgjer vidda 2016
 2017.01.03.10.Statskog-erklæring om feste på naust øvste Krokavatn fnr 9059
 2017.01.03.2.Statskog-førespurnad om utbetaling av fondsmidlar
 2017.01.03.9.FS-fordeling av fellesfiskekort 2016
 2017.01.03.9.FS-Fordeling fiskekort 2016
 2017.01.03.9.FS-Omsetningsrapport Inatur 2016
 2017.01.06.15.Agrodata-Lisensbrev Agrodata
 2017.01.10.5.FH as-Kopi av Tjenestekjøp 2016 Ullenvang fjellstyre
 2017.01.27.10.Ivar Kjoberg-Tilbod på ombygging av Rauåni
 2017.01.31.10.Samson Kjoberg-Tilbod ombygging Rauåni

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Orientering ved styreleiar

- Det står att ca 155000,- på hjå Sparebankstiftinga. Dette kan ein ta ut når utbygginga på Rauåni er ferdig.
- Sekretær følger opp evt tidlegare løvvde midlar frå Grunneigarfondet.
- Generell orientering om økonomi

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 02/17: Forsikringar, bytte av leverandør

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Saka har tidlegare vore oppe til handsaming i Fjellstyret og sekretær har fått fullmakt til å flytte forsikringane i tråd med framforhandla fellesavtale i regi av NFS. Dette er ikkje gjort.



Sakshandsamar vil tilrå at dette vert gjort så snart forsikringsoppgjeret etter naustet i Krokavatn er ferdig.

Framlegg til vedtak:

Sekretær flytter over forsikringane til nytt selskap framforhandla av NFS så snart forsikringsoppgjeret for naustet v Krokavatnet er ferdig. Sekretær går då gjennom forsikringane og oppdaterar desse i tråd med endringar dei seiste åra.

Referat:

Kort ordskeife i saka. Ein ynskjer at sekretær innhentar konkrete tilbod både frå eksisterande leverandør og hjå selskap framforhandla av NFS.

Forsikring av dugnadsfolk bør og takast med.

Alle forsikringar skal gåast gjennom og ein skal sjå på kva for dekningar ein bør ha.

Pga stor arbeidsbelastning hjå vikarierande sekretær må dette kome på eit seinare tidspunkt.

Vedtak:

Styret ynskjer at alle forsikringar skal gåast gjennom og at ein ser på kva for dekningar ein må ha. Det skal innhentast tilbod frå selskap framforhandla av NFS og frå eksisterande selskap. Styret skal ha saka lagt fram på nytt når dette er klart. Styret er kjend med at dette kan ta noko tid pga arbeidssituasjonen til fungerande sekretær.

Sak 03/17: Orientering om saker frå NFS**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Orientering om nytt frå NFS etter fagsamling på Gardermoen no i januar:

- Lovutvalet
- Ny tilsett i NFS

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved sekretær.

Presentasjonar framlagt på samling på Gardermoen vart vist på møtet. Desse er å finne på heimesidene til NFS.

Vedtak:

Styret tek orienteringane til vitande.



Sak 04/17: Orientering om CWD (Skrantesjuke)

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Under fagsamlinga på Gardermoen fekk alle ei grundig orientering om skrantesjuken og førebelse planar for tiltak. Det vert jobba på spreng i tverrfaglege grupper for å kome opp med tiltak for avgrensing/utrydding av smitte.

Framlegga til tiltak er under utarbeiding og seiste nytt vert lagt fram på møtet.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved sekretær. PP lagt fram på møtet er å finne på NFS sine heimesider.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 05/17: Salgsmåte for villreinkort

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

FH har etter vedtak jobba med å få til ei salsløysing på Inatur. Det var møte mellom sakshandsamar, Sekretær i Ulvik og Torgeir Lande (NFS) på den eine sida og Inatur på den andre sida i samband med fagsamling på Gardermoen. Inatur presenterte si løysing på sal av villreinkort. Det vart diskutert ulike justeringar.

Forslaget til Inatur vil vere ei god teknisk løysing for fjellstyra for å kunne tilby jaktkort både til utanbygds og innanbygds. Det vil vere nokre føresetnader som må godtakast før ein kan få ei løysing frå Inatur til å fungere.

For å kunne ta omsyn til om ein jeger har hatt fridyrkort tidlegare eller ikkje så må Inatur ha dette i systemet sitt. Dvs at Fjellstyret må vere villige til å starte på år null det første året ein nytta Inatur. Seinare år vil systemet kunne håndtere om ein jeger har hatt fridyrkort året før og stille denne bak i fridyrkøen.

Pris var viktig for Fjellstyra og det vart tidleg signalisera for Inatur at pris ville vere eit avgjerande spørsmål.

Normal provisjon på Inatur er 10% eks mva. Tilbodet som kom var 7% eks mva. FH gav tilbakemelding på at dette var for dyrt til at det kunne vere interessant å gå vidare med. Inatur har etter det kome med ein endeleg pris på 5% eks mva. Då tek Inatur alle utviklingskostnader med å lage ei løysing for fjellstyra. I prisen ligg og hjelp med trekking og tildeling av kort.

For Ullenvang Fjellstyre vil dette med ein kvote på 6000 dyr kunne bety ein kostnad på ca 50 000,- inkl mva.

Det er vanskeleg å rekne på kor mykje ein sparar på å gå over på Inatur. I forhold til det systemet som er der i dag så vil ein spare mykje på arbeidstimar og rekneskapsføring. Dersom ein vel å lage eit eige system med elektronisk søknad og manuell oppfølging så vil og timetalet gå monaleg



ned i høve det ein har i dag. Med dette systemet vil ein forstsat måtte ha eiga ordning på betaling og lage eigne system med sms og epostkontakt. Dette er fullt mogeleg, men det vil også ha ein kostnad.

Dersom fjellstyret ser at kostnaden ved bruk av Inatur vert høg er det fullt mogeleg å leggje til eit administrasjonsgebyr for salet.

Rauland Fjellstyre kjem til å gå for denne løysinga både for innanbygds og utanbygds fom i år. Ulvik FS skal ha dette opp som sak og vil tilrå at dette og skal gjelde frå i år.

Framlegg til vedtak:

Ullenvang Fjellstyre ynskjer å nytte seg av tilbodet frå Inatur.no og tilby villreinkort for sal her fom inneverande år. Sekretær får fullmakt til å lage salssider og sette opp tilbodet. Fjellstyret gjev samstundes fullmakt til at trekking og sal av jaktkort vert gjort av sekretær i samråd med Inatur.no.

Vedtaket vert gjort i medhald av Fjellova §§ 23 og 24.

Referat:

Kort ordskifte i saka.

Semje om at Inatur er eit bra verktøy og at dette vil vere ein framtidsretta måte å løyse sal av villreinkort på.

Vedtak:

Ullenvang Fjellstyre ynskjer å nytte seg av tilbodet frå Inatur.no og tilby villreinkort for sal her fom inneverande år. Sekretær får fullmakt til å lage salssider og sette opp tilbodet. Fjellstyret gjev samstundes fullmakt til at trekking og sal av jaktkort vert gjort av sekretær i samråd med Inatur.no.

Vedtaket vert gjort i medhald av Fjellova §§ 23 og 24.

Sak 06/17: Datalagring, løysing for framtida

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Fjellstyresambandet har framforhandla ei løysing med lagring av data for fjellstyrta (Daldata as). I denne avtala ligg det datalagring med oppdatering av filer, oppdatera programvare (officepakke) og support.

Tilgangen til dette er brukarstyrt. Dvs at Ullenvang må betale ein lisens for sin sekretær. Pr i dag kostar denne 640 kr pr mnd.

Slik sakshandsamar ser det er det på tide å gå over til elektronisk lagring. Spørsmålet er kva for løysing ein skal velje. Denne løysinga bør innehalde avtale om langtidslagring og oppdatering av data som eit minium. Slik sett stettar løysinga frå Daldata dette kravet.

Arkivlova set grenser for kva for løysing ein må ha. Etter § 2 er ikkje fjellstyrta definert som offentleg organ i arkivlova. § 19 i same lovverk har følgjande ordlyd: «*Dersom privat rettssubjekt mottek faste offentlege driftstilskot som er viktige for verksemda eller har fullmakt til å treffa einskildvedtak eller utferda forskrifter, kan Riksarkivaren fastsetja at arkivet heilt eller delvis skal følgja føreseggnene for offentlege arkiv gjevne i eller i medhald av denne lova*»

Riksarkivaren har ikkje kome med slike pålegg til fjellstyrta og ein kan derfor konkludere med at fjellstyrta ikkje treng å forhalde seg til reglane om offentleg arkivering.



Fjellstyra må likevel ha ei tilfredsstillande arkivløysing der dokument kan sporast tilbake. Ved å gå for ei digital løysing med bruk av fjellstyras arkivnøkkel i mappestruktur er dette oppfylt. Dersom ein skal få full effekt av eit digitalt arkivsystem er det ynskeleg at alle fjellstyrar rundt vidda på sikt er knytt opp mot det same systemet. Dei tilsette bør uansett vere knytta opp i eit slikt system for effektivt å kunne samarbeide i dagleg arbeid.

Framlegg til vedtak:

Ullenvang fjellstyre er positive til å gå vidare med eit system for digital lagring av dokument. Fjellstyret tek endeleg stilling til saka når den har vore oppe til handsaming i FH as.

Referat:

Kort diskusjon i saka.

Vedtak:

Ullenvang fjellstyre er positive til å gå vidare med eit system for digital lagring av dokument. Fjellstyret tek endeleg stilling til saka når den har vore oppe til handsaming i FH as.

Sak 07/17: Orientering om ny sekretær, overgangsløysing mm

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Trine Hilstad slutta i stillinga den 20 januar. Det er utlyst ny stilling og det har kome inn 109 søkerar til denne. Tilsetjingsprosessen vil ta noko tid. Mellombels vil underteikna fungere som sekretær for Ullenvang fjellstyre. I denne tida vil det berre verte handsama naudsynte saker og halde tråden i dagleg drift. Utviklingsarbeid og større saker som kan vente vert utsett.

Sekretær orienterer styret om fylgjande på møtet:

- Sal av hytter på inatur
- Rekneskapsprogram,
- Telefonløysing

Framlegg til vedtak:

Referat:

Orientering ved styreleiar.

- Tilsetjingsprosess, framdrift og tidsskjema
- Hytter på Inatur: det er semje om at dette kan vere ei fornuftig løysing. Bør sjekkast noko meir før ein legg dette ut. Nestleiar får fullmakt til å kjøpe inn kodeboksar til hyttene og gjøre dette klart for ei eventuell uteleie på Inatur. Sekretær undersøker med Inatur om løysingar.
- Rekneskapsprogram: Ullenvang FS har eit rekneskapsprogram som ikkje er i bruk og det er semje om å seie opp dette abonnementet.
- Ullenvang FS har ei fasttelefonlinje og eit ISDN abonnement. Dette bør seiast opp så snart ein får tilgang til kontoen hjå Telenor.
- Orientering om banktilgang for sekretær.

**Vedtak:**

Sekretær får fullmakt til å seie opp fasttelefon og rekneskapsprogram så snart dette er praktisk mogleg ift til tilgang.

Sekretær undersøker vidare med Inatur med mål om å få legge til rette for utleige av hytter på Inatur.

Nestleiar får fullmakt til å kjøpe inn og montere kodeboksar på alle hyttene.

Styret tek elles andre orienteringar til vitande.

Sak 08/17: Godtgjering til styret**Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Ullenvang Fjellstyre vedtok i 2016 å ha ei auka godtgjering til nestleiar pga meirarbeid ifbm sjukemelding hjå sekretær.

UFS vil i 2017 ha ein del meirarbeid fibm byggesaker. Dette er det nestleiar som har hatt tråden i og det vil derfor vere naturleg at dette vert godtgjort.

Framlegg til vedtak:

Nestleiar får vidareført ei auke i godtgjering tilsvارande det han hadde i 2016. Dette var kr 10 000,-.

Saka oversendast heradsstyret for godkjenning. Styret tek etterhald om slik godkjenning.

Referat:

Nestleiar Ragnar Ystanes er inhabil i saka og deltek ikkje i handsaminga.

Styret samlar seg om framlagde forslag til vedtak.

Vedtak:

Nestleiar får vidareført ei auke i godtgjering tilsvarande det han hadde i 2016. Dette var kr 10 000,-.

Saka oversendast heradsstyret for godkjenning. Styret tek etterhald om slik godkjenning.

Sak 09/17: Byggesaker, val av anbod**Saksdokument:**

Tilbod frå I. Kjoberg

Tilbod frå S. Kjoberg

**Saksutgreiing:**

Det var befaring på Rauåni den 15 januar med interesserte tilbydarar. Det kom inn to tilbod til fristen.

Tilbod nr 1, Ivar Kjoberg:

Dei leverar inn ein pris på kr 62 000,- i materialar og kr 95000,- i arbeid, reise og transport. Prisar eks mva.

Tilboden inkluderar kjøkkeninnreiing frå Trestubben i Suldal (heiltre) og omn med pipe.

Tilbod nr 2, Samson Kjoberg as:

Dei leverar ein pris på kr 45 000,- i rigg, drift og transport. 15 000,- i rivingsarbeid og 119 475,- i tømrararbeid inkl materialar.

Prisar eks mva.

Tilboden inkluderar materialar, omn, pipe og kjøkken frå Aubo.

Prismessig ligg ikkje desse langt frå kvarandre. Tilbod nr ein har ein totalpris på 196 250,- inkl mva. Tilbod nr 2 har ein totalpris på 224 344,- inkl mva.

Tilbod nr 2 spesifiserar kva for arbeid som skal bli gjort på ein betre måte enn tilbod nr 1 som manglar dette. Sakshandsamar legg likevel til grunn at dette vart gjennomgått på befaringa og at det er samsvar mellom det som skal gjerast og tilboden.

Sakshandsamar vil tilrå å nytte det rimelegaste tilboden.

Framlegg til vedtak:

Ullenvang Fjellstyre ynskjer å nytte seg av tilboden til I. Kjoberg om ombygging av hytta i Raudåne og aksepterar ein pris på totalt 196 250,- som skissert i tilbodspapir. Ein føreset at arbeid vert utført i tråd med det som vart avtalt på befaringa den 15 januar.

Nestleiar får fullmakt til vidare avtale med I.Kjoberg.

Referat:

Sekretær legg fram saka og nestleiar orienterer om byggjeprosjektet.

Styret samlar seg om framlegg til vedtak.

Vedtak:

Ullenvang Fjellstyre ynskjer å nytte seg av tilboden til I. Kjoberg om ombygging av hytta i Raudåne og aksepterar ein pris på totalt 196 250,- som skissert i tilbodspapir. Ein føreset at arbeid vert utført i tråd med det som vart avtalt på befaringa den 15 januar.

Nestleiar får fullmakt til vidare avtale med I.Kjoberg.

Sak 10/17: Registrering av styret i Brønnøysund**Saksdokument:**

Stadfesting på medlemer i Ullenvang fjellstyre for perioden 2015-2019

Saksutgreiing:

Ullenvang Fjellstyre ligg inne med feil opplysingar i Brønnøysund. Dette må rettast opp i. Sakshandsamar tek med dokument på møtet for utfylling og innsending til Brønnøysundregistra.

**Framlegg til vedtak:**

Ullenvang Fjellstyre fyller ut og sender inn endringsmelding til Brønnøysundregistra i tråd med val av nye medlemer for 2015-2019

Referat:

Styreleiar legg fram bakrunn for saka og trongen for endringar.

Vedtak:

Ullenvang Fjellstyre fyller ut og sender inn endringsmelding til Brønnøysundregistra i tråd med val av nye medlemer for 2015-2019

Sak 11/17: Eventuelt**Saksdokument:****Saksutgreiing:****Framlegg til vedtak:****Referat:**

Det kom opp nokre saker til handsaming under eventuelt:

1. Vårmøte på Lampeland 24-25 mars. Steinar reiser for Ullenvang FS. Ragnar møter for utvalet. Dersom fleire ynskjer å reise er det fritt fram for dei som vil. Påmelding til Steinar.
2. Presentasjon av fjellstyret på heradsstyremøtet den 3 april.
3. Skjold beitlag: kostnadsfordeling på uthus Raudåne. Dette er tidlegare diskutert og ein må setje opp avtale. Styreleiar ordnar med dette.

Vedtak:

1. Steinar Langesæter reiser på vårmøtet den 24 og 25 mars. Dei som ynskjer å vere med elles frå fjellstyret gjev beskjed til Steinar.
2. Presentasjon på heradsstyremøte den 3 april: dette bør avventast til ny sekretær er på plass. Dette pga arbeidssituasjonen til fungerande sekretær.
3. Styreleiar set opp forslag til avtale i samråd med sekretær. Leiar får fullmakt til å gjere avtale med Skjold beitlag om fordeling av kostnader med nytt uthus på Raudåne.

ULLENVANG FJELLSTYRE

